

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 13.10.2020

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere RS 29/20 «Status - styringsgruppa sitt arbeid med mål og strategiar» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Åsmund Berthelsen, SV, sette fram slikt forslag:

«Hovudutvalet for opplæring og kompetanse har gjennom styringsgruppa for mål- og strategidokumentet vorte orientert om arbeidet med og innhaldet i dokumentet, gjennom orienteringar, presentasjonar, notat og arbeidsdokument. Hovudutvalet har kome med innspel og drøfta problemstillingar knytt til kvaliteten på opplæringa og strategiar. Gjennom gruppearbeid har styringsgruppa kome med forslag til kriterier for kvalitet og til kva som skal vere måla for den vidaregåande opplæringa i Vestland. Hovudutvalet har hatt møte med elevar og leiing ved fleire skular. Utvalet har fått innsyn i korleis skulane arbeider og korleis elevane medverkar.

Hovudutvalet har fått orientering om arbeidet til ei ekspertgruppe som skal medverke med kunnskap til korleis skular og skuleeigarar betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid. Og på den måten løfte kvaliteten på opplæringa for elevane, og auke deira læringsutbytte.

På eit webinar den 2.november 2020 vil administrasjonen legge fram eit samla dokument. Det vert invitert ope til webinarret. Nokre vert særskilt inviterte slik som referansegruppa, elev- og tilsetteorganisasjonar, leiinga ved skulane, arbeids- og næringslivsorganisasjonar og fylkes- og kommunepolitikarar. Alle vil verte oppmoda om å kome med forslag og innspel til dokumentet før slutthandsaminga i utvalet den 25.11.. Dokumentet vert også handsama i fylkesutvalet, og til slutt i fylkestinget den 15. og 16.desember.»

Avrøysting

Berthelsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse har gjennom styringsgruppa for mål- og strategidokumentet vorte orientert om arbeidet med og innhaldet i dokumentet, gjennom orienteringar, presentasjonar, notat og arbeidsdokument. Hovudutvalet har kome med innspel og drøfta problemstillingar knytt til kvaliteten på opplæringa og strategiar. Gjennom gruppearbeid har styringsgruppa kome med forslag til kriterier for kvalitet og til kva som skal vere måla for den vidaregåande opplæringa i Vestland. Hovudutvalet har hatt møte med elevar og leiing ved fleire skular. Utvalet har fått innsyn i korleis skulane arbeider og korleis elevane medverkar.

Hovudutvalet har fått orientering om arbeidet til ei ekspertgruppe som skal medverke med kunnskap til korleis skular og skuleeigarar betre kan drive eit systematisk kvalitetsutviklingsarbeid. Og på den måten løfte kvaliteten på opplæringa for elevane, og auke deira læringsutbytte.

På eit webinar den 2.november 2020 vil administrasjonen legge fram eit samla dokument. Det vert invitert ope til webinarret. Nokre vert særskilt inviterte slik som referansegruppa, elev- og tilsetteorganisasjonar, leiinga ved skulane, arbeids- og næringslivsorganisasjonar og fylkes- og kommunepolitikarar. Alle vil verte oppmoda om å kome med forslag og innspel til dokumentet før slutthandsaminga i utvalet den 25.11.. Dokumentet vert også handsama i fylkesutvalet, og til slutt i fylkestinget den 15. og 16.desember.»